

Prinsippogram for Studenttinget i Volda 2018-2022

Prinsippogrammet til Studenttinget i Volda inneheld mål og delmål for arbeidet i Studenttinget. Programmet vert rullert kvart fjerde år, og er også ope for revidering kvart år.

Studenttinget arbeider for å betre studiekvardagen ved høgskulen og sikre studentane sine interesser og rettar, både fagleg og sosialt. Prinsippogrammet peikar ut retning, hovudmål og delmål for perioden. Måla i Studenttinget sitt prinsippogram blir vidare konkretisert i Studenttinget sitt årlege arbeidsprogram, som vert rullert kvart år.

Hovudmål

1. **Studentdemokrati og -medverknad.** Studenttinget skal sikre at studentane si stemme vert høyrtd, setje lokale og nasjonale studentsaker på dagsorden, og arbeide for større studentmedverknad og engasjement for studentdemokratiet i Volda.
2. **Studiekvalitet.** Studenttinget skal kontinuerleg vere pådrivar for å betre studiekvaliteten ved høgskulen i Volda, og sikre studentane sine faglege rettar.
3. **Studentvelferd.** Studenttinget skal vere ein sterk pådrivar for å betre studentkvardagen til studentane i Volda gjennom god studentvelferd, og sørge for gode vilkår for studentorganisasjonar og studentaktivitetar ved høgskulen.

Delmål

Studentdemokrati og studentmedverknad

Studenttinget skal sikre at studentane si stemme vert høyrtd, setje lokale og nasjonale studentsaker på dagsorden, og arbeide for større studentmedverknad og engasjement for studentdemokratiet i Volda. Dette vil seie:

1. Studenttinget skal vere bindeledd mellom studentane og Høgskulen, og sikre at studentane si stemme vert høyrtd blant dei tilsette og leiinga ved Høgskulen.
2. Studenttinget skal sikre studentrepresentasjon i Høgskulen sine sentrale organ, og arbeide for ein god kommunikasjon mellom studentrepresentantane, Studenttinget og leiinga ved høgskulen.
3. Studenttinget skal ivareta interessene til dei tillitsvalde, og arbeide for eit velfungerande tillitsvald-apparat ved høgskulen.
4. Studenttinget skal setje lokale og nasjonale studentpolitiske saker på agendaen, fremje engasjement blant studentane i saker som angår dei, og sikre ein god dialog med samarbeidspartar som NSO og UH-Nett vest.

5. Studenttinget skal auke engasjementet blant studentane for Studenttinget sine eigne organ, og bidra til eit sterkt studentdemokrati godt forankra i studentmassen.

Studiekvalitet

Studenttinget skal kontinuerleg vere pådrivar for å betre studiekvaliteten ved Høgskulen i Volda, og sikre studentane sine faglege rettar. Dette vil seie:

1. Studenttinget skal arbeide for å sikre at studentane sine faglege rettar vert ivaretekne, og at studentane får ei utdanning med best mogleg kvalitet gjennom heile utdanningsløpet ved Høgskulen i Volda.
2. Studenttinget skal medverke til at studentane sine tilbakemeldingar på den faglege kvaliteten på studiet vert følgt opp og fører til konkrete forbetringar, gjennom bl.a. tett oppfølging av dei tillitsvalde.
3. Studenttinget skal bidra til at undersøkingar som Studiebarometeret bidreg til kontinuerlege forbetringar av den faglege kvaliteten på utdanningane ved høgskulen.
4. Studenttinget skal arbeide for at dei fysiske tilhøva ved høgskulen fremjar læring og studiekvalitet, t.d. gjennom tilgang på lesesalar, bibliotek, grupperom m.m. Gode studieforhold omfattar også gode forhold for pausar og sosiale arenaer.
5. Studenttinget skal sikre at studentane si stemme vert høyrtd når det gjeld utvikling av høgskulen sitt studietilbod og utvikling av Volda som studiestad.

Studentvelferd

Studenttinget skal vere ein sterk pådrivar for å betre studentkvardagen til studentane i Volda gjennom god studentvelferd, og sørgje for gode vilkår for studentorganisasjonar og studentaktivitetar ved høgskulen. Dette vil seie:

1. Studenttinget skal arbeide for eit trygt og godt velferdstilbod for alle studentane tilknytt høgskulen i Volda, gjennom bl.a. eit godt samarbeid med SiVolda.
2. Studenttinget skal fremje tiltak som rettar seg mot å betre trivselen og den psykiske helsa for studentane i Volda, og fremje eit inkluderande studentmiljø.
3. Studenttinget skal legge forholda til rette for høg aktivitet i alle studentorganisasjonane og festivalane tilknytt høgskulen i Volda, og støtte organisasjonane for å kunne tilby studentane eit variert og gjevande aktivitetstilbod.
4. Studenttinget skal fremje inkludering av internasjonale studentar, og arbeide for at dei finn seg godt til rette på Høgskulen.
5. Studenttinget skal bidra til å synleggjere både dei sosiale aktivitetane og dei ulike helsetilbod og hjelpetiltak som finst for studentar, og gjere tilboda kjent for studentane.